

Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 7881 Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Dykkar ref

Vår ref
07/331-3 SHA

Dato
01.06.2007

Vedrørende kontrollutvalet sin innsynsrett i skatterekneskapen

Vi viser til Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS sitt brev 25.01.07 og etterfølgjande kontakt.

Saka gjeld spørsmålet om kontrollutvalet har innsynsrett i skatterekneskapen. Departementet vert også oppmoda til å gi ei prinsipiell avklaring med omsyn til kontrollutvalet si tilsynsrolle knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen.

Slik departementet oppfattar framstillinga, er bakgrunnen for saka at kontrollutvalet ikkje har fått lagt fram for seg utgåande korrespondanse frå skatteoppkrevjaren til skattefuten. Det kjem fram av saksopplysningane at dei aktuelle dokumenta ikkje er unnateke offentlegheit frå kommunen si side.

Kommunal- og regionaldepartementet sine merknadar

Generelt

Det følgjer av kommunelova § 76 at kommunestyret har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltning. Kontrollutvalet har etter kommunelova § 77 eit mandat til å føre jamleg tilsyn på kommunestyret sine vegne. Utvalet sine arbeidsoppgåver går elles fram av § 77 nr. 4 og forskrift 15. juni 2004 nr. 905.

Spørsmålet om innsyn

Det går fram av kommunelova § 77 at teieplikt hindrar det kan krevje ei kvar opplysning, utgreiing eller dokument og gjere undersøkingar som utvalet finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene.

Vi viser også til Skattedirektoratet sin instruks til skatteoppkrevjaren gitt 2. mai 2002. Det går fram av § 2-3 nr. 2 at skatteoppkrevjaren er pålagt å gi kommunale styringsorgan, offentlege forvaltnings- og tilsynsorgan og overordna innkrevjingsmyndigheit dei opplysningar, oppgåver og fråsegner som er fastsett i lov, forskrift eller instruks. Det går vidare fram at det ikkje berre er skattefuten, i eigenskap av å vere overordna innkrevjingsmyndigheit som har krav på å få lagt fram opplysningar. Offentlege forvaltningsorgan og tilsynsorgan har lik rett til å få lagt fram opplysningar.

På dette grunnlaget er det departementet sitt syn at kontrollutvalet i denne saka har rett til innsyn i også den utgåande korrespondansen frå skatteoppkrevjaren. Dette gjeld i alle tilfelle dersom dokumenta ikkje er unnateke offentlegheit. Slikt innsyn vil i så fall også ha grunnlag i offentleglova § 2. Her går det fram at "enhver kan hos vedkommende forvaltningsorgan kreve å få gjøre seg kjent med det offentlige innholdet av dokumenter i en bestemt sak".

Kontrollutvalet si tilsynsrolle knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen

Kontrollutvalsekretariatet har oppmoda departementet om å gi ei prinsipiell avklaring av kontrollutvalet si tilsynsrolle knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen i kommune. Slik departementet ser det lar det seg ikkje gjere å kome med ei slik prinsipiell avgrensing. Kor langt kontrollutvalet, på vegne av kommunestyret, skal føre tilsyn i forhold til skatteoppkrevjaren, må byggje på ei konkret vurdering i kvar sak. I ei slik vurdering vil det, etter departementet sitt syn, vere naturleg å leggje ei viss vekt på at skatteoppkrevjaren er underlagt statleg instruksjonsmyndigheit og revisjon. Departementet meiner at det likevel er klart at dette forholdet ikkje kan grunnngje at kontrollutvalet sin tilsynsrolle vert totalt avskore i forhold til skatteoppkrevjaren.

Som nemnt i departementet sitt brev av 30.03.07 har departementet motteke fleire liknande førespurnader, knytt til omfanget av kontrollutvalet sin innsynsrett i skatterekneskapen. Ein av desse har også vore førelagt Skattedirektoratet. I brev 02.05.07 uttaler Skattedirektoratet seg om konkrete spørsmål knytt til innsynsretten.

Departementet sluttar seg til Skattedirektoratet si fråsegn i den saka, og vi legg ved fråsegna til orientering.

Med helsing

Jostein Selle (e.f.)
seniorrådgivar

Siri Halvorsen
rådgiver

Vedlegg

Kopi: Skattedirektoratet